Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Jolenissen

Oppskr. av: Jakob O. Lavik

(adresse): Eksingedalen

Fylke: Hordaland

Herad: Modalen

Bygdelag: Eksingedalen

Gard: Lavik

G.nr. 90 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1 Jolenissen er noko som har kome inn i bygdi i nyare tid. Me hadde nok høyrt um jolenissen utanfrå, fyre dette hundraåret tok til, men til oss kom jolenissen seinare, me skulde apa etter. Vart fyrst kjend gjenom jolekort, og jolehefte.

2. I heimane kjem jolenissen med gåvor - i seine heimar då. Får då litt småknask å leita i som takk for strævet sitt.

3. Jolenissen skal helst ikkje vera stor på vokster. Ein litt stor gutunge, eller ei gjenta som har nisse-stykke på stelle, ein litt eldre mann som er høveleg stor på vokster.

4. Maska med kvitt skjegg, knebuksor, raud toppluva, og ein frakke, gjerna litt sliten, som prov på at han har fare langt og strævd mykje.

5. Maska er kjøpt, det andre steller ein til sjølv. Jolenissen gjeng helst på jolekvelden for borni.

6 og 7. Jolebukkar er nok ukjendt her.

8 Jolenissen er, so langt eg kjenner til det, ikkje sett i samband med nissen eller tuften som fekk jolegraut.

9 Ukjent.

5521

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING